

Oppmålingsgebyr (matrikkel)

1 Gebyr

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lova § 32, forskrifta § 16) fastsatt av Vinje kommunestyre i sak 09/62:

1.1 Oppretting av matrikkeleining

1.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunnareal

frå 0 – 2000 m² kr 12 500,-

areal frå 2001 m² – auke pr påbyrja da. kr 1 041,-

Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr.

1.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

per sak uansett areal kr 3 124,-

1.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

areal frå 0 – 2000 m² kr 9 374,-

areal frå 2001 m² – auke pr påbyrja da. kr 1 041,-

1.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

volum frå 0 – 2000 m³ kr 4 687,-

volum frå 2001 m³ – auke pr. påbyrja 1000 m³ kr 520,-

1.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige fakturerast etter medgått tid, basert på 1,2 promille av årslønn.

1.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Visar til 6.1.1, 6.1.2, 6.1.4 og 6.1.5. I tillegg kan kome tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.

1.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, settast til 1/3 av gebyrsatsane etter 6.1 og 6.2.

1.3 Grensejustering

1.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigedommens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedommens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklassar gjelde.

areal frå 0 – 500 m² kr 6 249,-

1.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedommens volum, men den maksimale grensa settast til 1000 m³

volum frå 0 – 250 m³ kr 2 344,-

volum frå 251 – 1000 m³ kr 4 688,-

1.4 Arealoverføring

1.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

areal frå 0 – 500 m² kr 9 374,-

arealoverføring pr. nytt påbyrja 500 m²

medfører en auke av gebyret på kr 521,-

1.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for sammenføring er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

volum frå 0 – 500 m³ kr 3 124,-

volumoverføring pr. nytt påbyrja 500 m³ medfører

ei auke av gebyret på kr 521,-

1.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt kr 3 124,-

For overskytende grensepunkter, pr. punkt kr 312,-

1.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkt kr. 6 249,-

For overskytande grensepunkt, pr. punkt kr 624,-

Gebyr for klarlegging av rettar fakturerast etter medgått tid.

1.7 Privat grenseavtale

For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde kr 1 042,-

For kvart nytt punkt eller påbyrja 100 m grenselengde kr 104,-

Billegaste alternativ for rekviert blir valt.

1.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret openbart er urimeleg i forhold til dei prinsipp som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsette eit passande gebyr.

Fullmaktshavar kan under samme føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr.

1.9 Betalingstidspunkt

Gebyret skal krevast inn forskotsvis.

1.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvierten under sakas gang endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, oppretthaldast likevel gebyret.

1.11 Utføring av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider kr. 175,-

Matrikkelbrev over 10 sider kr. 350,-

Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga

1.12 Gebyr rekna ut etter medgått tid

Gebyr for oppmålingsarbeid som ikkje kan fastsetjast ut frå reglane over, skal reknast ut etter medgått tid, timepris som svarar til 1,2 promille av brutto årslønn for den som utfører arbeidet i tillegg til kostnader med reise og eventuelt merkemateriell.

1.13 Statlege gebyr og avgifter

Tinglysingsgebyr og eventuelle dokumentavgifter kjem i tillegg til alle kommunale gebyr.

1.14 Regulering av gebyrsatsar

Satsane vert kvart år regulert etter Statens kartverks indekstal for kart- og oppmålingsarbeid. Jamfør rundskriv frå skattedirektøren dagsett 06.03.1970 til skatteinspektørane.